



## ÅRSMØTE I.L.TRIO

Tysdag 14.mars 2023 kl. 18.00

Frammøte: 29 medlemmer

Velkommen til årsmøte ved Knut Prestnes.

Hyggeleg melding om at 60 000 kr. Er tildelt til Trio frå Baronistiftinga.  
Skal gå til føremålet å subsidiere edlempengar til born i grunnskulealder som har foreldre med därleg råd.

### Saksliste

1. Godkjenning av stemmerett
2. Val av ordstyrar Knut Prestnes, protokollførar Anne Kari Enes
3. Val av to medlemmer til å signera protokollen: Dagfinn Jensen og Lena Medhaug
4. Gjennomgang av forretningsorden.
5. Innkallinga vart sendt 17.februar, årsmøtet godkjenner innkallinga.
6. Saksliste
  - A. Presentasjon av a. Lovnorm for I.l. Trio  
Saksliste godkjent.
  - B. Forslag: forslagsstiller Svein Rørvik ber om at årsmøtet tar opp forslag om å etablere klatregruppe under sak 9 F.  
Årsmøtet godkjenner forslaget.
7. Årsmelding
8. Handsaming A. rekneskap til idrettsalget              B. Melding frå kontrollutvalet
9. Innkomne saker
  - A. etablere Basketball-gruppe
  - B. Etablere E-sport-gruppe
  - C. Kunstgras på den gamle grusbanen
  - D. Symjegruppa sitt forslag om gruppene sin disposisjonsrett (1)
  - E. Symjegruppa sitt forslag om signaturrett til å driva fram ny symjehall.
10. Fastsetje medlemskontingent
11. Val

### Sak 7            Årsmelding

Gjennomgang av årsmelding ved Knut Prestnes, styreleiar.

Informerer om at styret arbeidar for at Husnes blir eit framtidig regionalt idrettssenter. Kvinnherad Arena, il Trio har vore pådrivar for å få det i gang og har delteke i prosjektgruppa for realiseringa av Kvinnherad Arena.

Det er ynskjeleg å selja fleire eksemplar av "Heia Trio", jubileumsboka.  
Det er god medlemsauke. Vi er i ferd med å utvida tilbodet med fleire grupper og det er von om framleis medlemsauke.

Innspel frå Svein Røyrvik.

Siste punkt i styret handsamar desse sakene. Forslag: "styret arbeidar for at Husnes blir vidareutvikla som idrettssenter".

Endre teksten til "Drøfta sak om om etablering av 50-meter basseng som vil vere viktig for å utvikle Husnes som idrettssenter."

Årsmeldinga til styret godkjent med desse endringane.

### Årsmelding Grupper

#### Årsmelding fotball

Årsmelding Fotballgruppa presentasjon ved Eskil Moen.

Realisert satsing på jenter.

Arbeida for å få fleire til å teikne familiemedlemskap.

G 16 og A-laget mangla i fotballgruppa si årsmelding.

Dette vil bli oppdatert før Årsmeldinga vert publisert på nettsida.

#### Årsmelding Turn

Usikkert medlemstal.

6 turngrupper. Oppstart av ny gruppe 0-2 år.

Lite trenerkapasitet og fråfall i ungdomsalder. Håpar at dette startar opp att med ny basishall i Kvinnherad Arena.

Paraturn har to trenarar, men gruppa er ikkje etablert. Ønskjer å starte opp i samband med opninga av turnhallen.

Arbeider for at gruppa skal bli lettare å driva. Manglar folk i styret.

Hatt fokus på kvalitetsforbetringar for å systematisera drifta.

#### Årsmelding Friidrett

Presentert ved Are Ulseth.

Lita gruppe, stabilt styre, det er god interesse for friidrett. Takksam for stønad frå Sparebankstiftinga og Sparebanken Vest til utstyr. Løveleiker. Kvinnherad-mesterskap. Planlagt dommarkurs for 2023.

Innspel frå Arne Torget: korleis og kva tid kan friidrett søka om treningstid i Kvinnherad Arena? Styret støttar dette og viser til dagleg leiar, Daidalos Dahle.

#### Årsmelding Volleyball

Presentasjon av årsmeldinga ved Sille Tars.

Har hatt besøk av Volleyball-forbundet i går og i dag, inspirerande. Ønskjer å starte prosjekt for å auke aktivitet.

Innspel frå Arne Torget: gruppene samlar seg og spelar på kvarandre og betre utnytting av ressursar, drar nytte av kvarandre og trenrarar på tvers av idrettane.

Innspel frå Eskil Moen ang rekruttering. Forslag om å sette opp prøvetrening i dei ulike gruppene, slik at born / unge kan få prøva nye idrettar. Arrangera open dag, open hall og liknande.

### Årsmelding Symjing

Presentert ved Trond Myklebust.

Innspel frå Are Ulseth:

Merknad til årsmeldinga. Setninga i gruppa si årsmelding punkt "andre hendingar: 11.01.2023: der kom sjokkmeldinga om at pengane til Symjegruppa var konfiskert, og at trio hovudstyret disponerte dei midlane som dei ville". Setninga bør omformulerast. Formuleringa er uheldig då dette er eit offentleg dokument og ikkje gagnar medlemmene.

Årsmøtet kan ikkje korrigera årsmeldinga, men godkjenner denne med protokolltilførsel til nemde punkt.

### **Sak 8 Rekneskap**

Kasserar Egil Jacobsen la fram resultatrekneskap.

Laget har god og stabil økonomi.

Årsmøtet godkjenner framlagt rekneskap.

### **Kontrollutvalet v. Henning Haga og Kjell Sigbjørn Røssland.**

Merknader frå kontrollutvalet si beretning lagt fram for årsmøtet ved Henning Haga.

Kontrollutvalet sin rapport ligg vedlagt årsmeldinga.

Kontrollutvalet sin rapport tatt til etterretning.

### **Sak 9 innkomne saker**

#### a. Etablera Basketballgruppe

Årsmøtet vedtek einstemmig at gruppa vert etablert.

Hovudstyret får fullmakt til å etablera eit gruppestyre og til å setje av ein tilstrekkelege midlar til oppstart av ei slik gruppe.

Årsmøtet vedtar etablering av gruppa og innmelding i Norges basketballforbund.

#### b. Etablera E-sportgruppe

Kristine Røyrvik presenterer satsinga. Det er brei støtte for å etablera ei slik gruppe. Har rekruttert Kai Morten Torget som styreleiar i gruppa.  
Lokalisert i KVV og i samarbeid med skulen. Det er søkt om stønad frå sparebankstiftinga til etablering av utstyr.  
Årsmøtet vedtar etablering av gruppa og innmelding i Norges E-sportforbund.

c. Kunstgras på gamle grusbanen

Frå grus til gras.

Kunstgras på den gamle grusbanen i Husnes idrettspark.

Forslag til vedtak:

"Årsmøtet løyver inntil kr. 800 000,- til "frå grus til gras" – kunstgras på den gamle grusbanen i Husnes idrettspark."

Forslaget einstemmig vedtatt.

Sak 9 d Sak til årsmøte frå Symjegruppa.

Styret har handsama saka. Styret sin merknad ligg ved saka.

Styret si innstilling til årsmøtet er at årsmøtet ikkje bør vedta forslaget.

Forslag til vedtak:

Eskil Moen føreslår til årsmøtet:

"Årsmøtet legg til grunn at pengar generert av frivillig innsats i dei ulike gruppene fyrst og fremst skal disponerast av gruppestyrene, til utvikling og drift av dei respektive gruppene, innanfor rammene av ordinær drift. Større prosjekt utanfor ordinær drift og større investeringar skal drivast og eigast av hovudstyret i samarbeid med gruppene".

Symjegruppa trekkjer sitt forslag og årsmøtet går einstemmig inn for Eskil Moen sitt forslag.

Sak 9 e Sak til årsmøte frå Symjegruppa 2.

Styret har handsama saka med merknad til saka vedlagt årsmeldinga. Styret si innstilling til årsmøtevedtak:

"Prosjektet må forankrast i Trio, dvs hovudstyre. Symjegruppa med sin kompetanse som brukar av symjehallen skal vere sterkt involvert."

Eskil Moen føreslår følgjande alternative vedtak:

"Årsmøtet slår fast at bygging av ein moderne symjehall er naturleg neste steg i utviklinga av Husnes Idrettspark. Det er hovudstyret som kan forplikte rettsubjektet til Trio. Hovudstyret sett ned ein anleggskomite for det aktuelle prosjektet som skal driva fram prosjektet. Symjestyret skal bidra inn i denne anleggskomiteen. Årsmøtet ynskjer at dette prosjektet vert igangsett utan unødvendig opphold".

Forslaget til Eskil Moen einstemmig vedteke.

Sak 9 f Forslag til årsmøte i Trio 14.03.2023

"Årsmøte i Trio gjev styret fullmakt til å oppretta klatregruppe, å organisera og utnemna styre til denne gruppa.

Husnes, 14.03.2023. Svein Røyrvik, forslagsstiller".

Vedtak: Forslaget til Svein Røyrvik einstemmig vedteke.

### **Sak 10        Medlemskontingenten for 2023.**

Årsmøtet vedtar at medlemskontingenten er uendra.

Ein bør oppmoda om at familiar teiknar familiemedlemsskap.

### **Sak 11        Val**

Innstilling frå valkomiteen lagt fram for årsmøtet ved Svein Røyrvik.

Hovudstyret vald ved akklamasjon.

Fotballstyret. Espen Lillesand trekkjer seg, Jim Are Hansen går inn som nestleiar og fotballgruppa sitt styre vert redusert med ein person.

Symjegruppa vald ved akklamasjon.

Volleyball. Vald ved akklamasjon.

Turn. Vald ved akklamasjon. Anneli Rønstad vald som leiar av turngruppa.

Triohuset. Vald ved akklamasjon.

Anleggskomite: vert oppretta for kvart prosjekt.  
Styret i il Trio vel leiar og medlemmer. Forslaget vedteke.

Kontrollutval:

Henning Haga, leiar

Kjell Sigbjørn Røssland

Valkomite. Innstillinga godkjend.

Sunde 28/3-23

Dagfinn Jensen

Husnes  
Lena Medhauk